



Det er mange talentar i denne flokken

**Deu 3 uskedelingane Andrea Lunde, Sindre Aksnes og Ann Lisbeth Ljosnes Moen er blant dei over 40 russ som var aktørar då russerevyen Kvinnene kjem hadde premiere i kveld. Laurdag kjem ei ny framsyning, men suksessen er allereie eit faktum. Dei 450 som var i kinosalen ga gjennom ein rungande applaus uttrykk for kva dei meinte om prestasjonane**

Å operera med karakterbok er ikkje klokt, men sett gjennom lokale brillar set vi strek under Sindre. Han heldt bokstaveleg tala takta gjennom heile revyen og det har truleg ikkje vore presentert ein russerevy med så høgt nivå på trommeslagaren på våre kantar. Også ein mellombels uskedeling - Louise Bergane - var med i bandet.

Det var ikkje mange dødpunkter på halvannan time der det var både obligatoriske og originale innslag. Blant dei fyrste var eksponeringen av lærarane og blant dei siste nyhendeinnslaget som det kunne vore gjort mykje meir utav gjennom revyen. Men det var fleire aktuelle sketsjar som var teke på kornet. Det var også gjennomgangstemaet om jentene.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen